




Vestland
fylkeskommune

Besøksforvaltning i Vestland fylke

30.Januar - 2024



Agenda for dagen

- Velkommen!
- Forprosjektet – kva lærte vi?
- Hovudprosjektet – vi inviterer til samarbeid.
- 5 min beinstrekk 
- Tid for dialog, spørsmål og innspel.

Reiselivsnæringa er viktig for Vestland!

- Reiselivet skapar **attraktive lokalsamfunn**
- Reiselivet skapar lokal **verdiskaping**
- Reiselivet skapar **21.000 arbeidsplassar**
- Reiselivet **inkluderer**
- Reiselivet skaper **bulyst**
- Reiselivet skaper **kveldsøkonomi**

Reiselivet er eit viktig verktøy for fylkeskommunen
i rolla som samfunnsutviklar



«I bygda mi kan vi reise på restaurant 365 dagar i året, vi har søndagsope. Vi er veldig privilegert. Lokalbefolkninga har begynt å forstå dette. Det hadde ikkje vore eit velutvikla samfunn utan reiselivet. »

Sitat : Reiselivsaktør i forprosjektet

Kommunane er sentrale i prosjektet



Reiselivet skjer i fellesområda

Til glede og frustrasjon for dei lokale

Kommunens samfunns-og arealplan

Juridisk fundament ligg i plan-og bygningsloven

Kommunens ressursar er dimensjonert etter innbyggartal

«Fleire peikar på at dei sjølve sit med eit ansvar, men “ingen” veit kven som sit med leiinga.»

Sitat : Reiselivsaktør i forprosjektet

Forprosjektet



Kvifor besøksforvaltning i Vestland?

- Turismen til Noreg auka jamt fram til 2019 og Innovasjon Norge sine rapportar viser at eit mindre, men aukande tal innbyggjarar synes det kan være til irritasjon. Meir vekst er venta
- «Nødrop» frå fleire kommunar under pandemien
 - 93% av norsk befolkning gjekk på tur i nærområdet sitt og 25% overnatta ute i naturen det siste året (SSB, 2021)
- Utfordringar også knytt til parkering, trengsel, toalett osv i by- og bygdemiljø

Over halvparten av sommerturistene på Vestlandet og i Oslo opplevde overturisme



Turister beundrer utsikten fra Fløyen. Fløybanen og Fløyen er en av Bergens mest besøkte og største turistattraksjoner. Foto: Marianne Løvland / NTB scanpix


- Det handlar ikkje om at vi skal ha færre turistar til Norge og Vestlandet, men om at vi sjølv skal ha styringa slik at vi sikrar dei gode gevinstane for lokalsamfunna våre
- Det er eit klart behov for å spreie trafikk til område der ein kan og vil handtere fleire turistar som bidreg til verdiskapinga
- Inspirert av Nordland fylkeskommune starta vi vårt forprosjekt våren 2022

NRK

Vestland Snakk med oss Vestlandsrevyen P1 SF P1 H

Her er camping forbode – men ingen bryr seg

STRYN (NRK): «Villcamping» sett allemannsretten og lokale omsyn opp mot kvarandre. – Vi vart tatt litt på senga, innrømmer ordførar.



Håvard Nyhus
Journalist

Terje Gilleshammer
Journalist

Sunniva Knutsen
Journalist

Publisert 14. aug. 2020 kl. 06:18
Oppdatert 14. aug. 2020 kl. 21:04

Artikkelen er flere år gammel.

FORBODE: Fenomenet «villcamping» var populært i sommar. Fleire kommunar valde å forby det.
FOTO: ROY ARON BRENVIK MYKLEBUST / FJORDINGEN

INNENRIKS

Slik ødelegger turgåere naturen

Dette er ett av utallige eksempler på det motsatte av hva Statens naturoppsyn inderlig ønsker seg.



- Vi er ikkje på langt nær der Venezia og Barcelona er. Og dit skal vi heller ikkje komme
- Derfor skal vi ta dei gode grepa no, slik at vi unngår å komme i den situasjonen at det går gale
- For når det først har gått gale, er det så frykteleg vanskeleg å rette opp att i



Sentrale spørsmål



**Samfunns- og
arealplanlegging i
kommunane**

Lokal verdiskaping

Reisemålsleiing

- Passar det å ha besøk nett her/nett då?
- Kva om det oppstår ei krise?
- Vi har for lite gjestar – korleis kan vi hjelpe med det?
- Marknadsfører vi det som er representativt for området?
- Kven bestemmer kva som er tolegrensa for dei som bur her?

Kva gjorde vi i forprosjektet?

- Spørjeskjema til alle kommunane
- Dybdeintervju med enkelte kommunar og regionar
- Dialog og intervju med IN, Dept, utvalgte reiselivsaktørar m.fl.
- Samle resultat
- Skissere hovudprosjekt



Besøksforvaltning

Dei viktigaste utfordringane

Eit formål i forprosjektet har vore å identifisere Vestland sine største og mest presserande utfordringar på området besøksforvaltning.

Resultatet frå kartlegginga vert det i det følgjande presentert som 6 hovudutfordringar som fylkeskommunen i si rolle som samfunns- og næringsutviklar bør tilstrebe å finne løysingar på:

1. Fragmenterte roller og ansvar i destinasjonsleiinga
2. For låg regional verdiskaping frå reiselivet
3. Infrastruktur for natur- og aktivitetsbasert aktivitet er ikkje dimensjonert for nivået på besøkande
4. Behov for betre styring av turisme i by- og sentrumskjerne
5. Behov for trafikkstyring, kollektivtilbod og tilpassing til nullutslepp
6. Behov for planlegging, forvaltning og finansiering av fellesgoder

Kunnskapsgrunnlaget byggjer på datainnsamlinga som er gjennomført i forprosjektfasen.



Foto: Fjord Tours

Aktørane på reisemålet peiker på fragmentering

«Innsatsen er ikkje samla. Det er ein haug med planar. Veldig mykje som handlar om kva vi vil, men korleis ta det ut i handling? Landskapet er frykteleg fragmentert. Kunne nokon tatt ei overordna leiing? Alle driv med sitt: fylkeskommune, destinasjonar, aktørar, hamner. Det vert for fragmentert.»


«Reiseliv er ikkje lenger eit frivillig dugnadsbasert passivt “kom å sjå på naturen vår”-greie. Det er storindustri som utfordrar infrastruktur, bryt ned naturkvalitetet og går ut over lokalbefolkninga. Staten må investere i dette og kommunen må bli sett i stand til å gjere investeringar »

Sitat : SNO

Også ei problemstilling i by og bygdemiljø

Innbyggerne er delt i om Bergen føles overfylt av turister

- 37 % opplever at Bergen føles overfylt fordi det er mange turister der. Tilsvarende svarer 41 % at de er uenige i dette.
- Flere i Bergenhus (46 %) enn i de andre bydelene (35 %) er enige i at Bergen føles overfylt fordi det er mange turister der.



n= 1340



I hvilken grad er du enig i dette utsagnet: Bergen føles overfylt fordi det er for mange turister her





Kort om besøksbidrag

Turistskatt, fellesgode-finansiering, city tax

- NOU 2023:10 om Besøksforvaltning konkluderer med at ein form for besøksbidrag er nødvendig for å finansiere fellesgode og leggje til rette for besøksforvaltning der det ikkje finst naturlege kassaapparat
- Om det kjem ei pilotordning frå dept. står vi klare til å ta ei rolle om vi blir peika på
- Eventuelle pilotprosjekt må finne løysingar som fungerer
- **Vi kan ikkje rekne med at det kjem midlar frå ei slik ordning på ei god stund**



Klare for hovudprosjekt!

Hovudutval for næring 22. juni 2022

Vedtak:

Det vert arbeidd vidare med å organisere opp ei fleirårig satsing innan besøksforvaltning. Dette samstundes som ein ser på løysingar innan bemanning av innsatsen og ei føreseieleg finansiering av innsatsen som strekkjer seg over fleire år. Det vert utarbeidd ei sak der politisk nivå tek stilling til organisering og forma på innsatsen, og der det ligg føre ei løysing for finansiering over år som m.a. gjev grunnlag for den personalinnsatsen som skal til for å løfte denne satsinga.

2023: Prosjektleder er tilsett i 3-årig stilling. Vi går i gang!


Hovudprosjektet



Prosjektet er toppaktuelt

Reiselivet er tilbake etter pandemien


- Forventinga er at 2024 vert eit «toppår» for reiser globalt
- Ferie og fritidsmarkedet er no 60 % av alle globale reiser
- Klimaendringar og ekstremvêr påverkar reisemønster



Sesongkurva

Vår største utfordring for et attraktivt og bærekraftig reiseliv

Kommersielle gjestedøgn per måned



Prosjektet er forankra i nasjonale og regionale strategiar

 Norway

Nasjonal reiselivsstrategi 2030

Sterke inntrykk med små avtrykk



Fra reiselivet. Til regjeringen. April 2021




Reiseliv blir neste nasjonale eksportsatsing

Ei heilskapleg tilnærming til besøksforvaltning

Vi treng **ei reisemålsleiing**, som tar tydelege val om kva type turisme ein ønskjer og korleis ein utviklar reisemålet, i samråd med lokalbefolkninga.

Reisemålsleiinga må sjå næringsutvikling, besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i samanheng.

- Få besøksforvaltning inn i **planarbeid og offentleg forvaltning**
- **Engasjere** lokale politikere
- **Involvering** av lokalbefolkninga og næringa
- Reiselivsnæringa må drive **ansvarleg** produktutvikling og marknadsføring



Kva vil vi oppnå?

Besøksforvaltning blir ein del av **kommunens oppgåver**, og blir tatt inn som ein del av kommuneplanen.

Ei **lokalbefolkning/innbyggjarar** som er stolte av staden dei bur, som ønskjer gjestar velkommen og som opplever verdien som turismen gir lokalt.

Gjestane som kjem til oss tar omsyn til naturen og dei som bur her. Dei er fornøgd og blakke når dei reiser heim, dei kjem gjere tilbake og dei anbefaler andre å komme hit.


Ei lønnsam og berekraftig **reiselivsnæring** som gir lokal verdiskaping innanfor tolegrensene til natur og lokalsamfunn.

Attraktive og levande lokalsamfunn som både gir bulyst og blilyst.



Reisemålsleiinga

Samarbeidet mellom dei aktørane som saman koordinerer utviklinga av eit bærekraftig reiseliv på reisemålet.




Vi inviterer til samarbeid!

Kva rolle har kommunane?

- Kva er dei viktigaste problemstillingane?
- Inviter oss inn i prosessar og i pågåande prosjekt.
- Eit felles ønskje om å lære og dele.
- Tid og ressursar?

Målet er at vi skal jobbe smartare og meir heilskapleg.



«Korleis vil vi ha det her?
Fylket må koble seg meir på.
Samhandlinga må bli betre.
Vi må forholde oss til 4 ulike
seksjonar hos Fylkeskommunen.»

Sitat : Aktør i reiselivet i Vestland, frå forprosjektet

Kva skal fylket levere i prosjektet?

Behova til kommunane skal vere i fokus

Samskaping og prosessar

- Pilotprosjekt i kommunane
- Interne prosessar i fylkeskommunen
- Ulike problemstillingar, dele erfaring og læring
- Prosessar og metodikk

Auka kompetanse

- Møteplassar og presentasjonar
- Få besøksforvaltning på agendaen
- Kurs-og kompetansepakker
- Fokus på ansvarleg marknadsføring

Verktøy-kassen

- Kartlegge behov hjå kommunane
- Juridiske vurderingar
- «Beste praksis» dømer
- Oversikt over ulike ordningar – lenker vidare
- Oversikt over kurs, kompetanse og tilskotsordningar

Verktøy for å måle tolegrenser og trafikkstraumar

- Prosjekt for å utvikle modellar for datadeling og prediksjon.
- Verktøy for å måle tolegrenser
- Karlegging av kva som finns av metodikk og løysingar.


Auka lokal verdiskaping



Kva skal vi ikkje levere

- Prosjektet har ikkje søkbare midlar
- Vi skal ikkje ta over eller gjere jobben
- Vi har ikkje nokon fasit
- Vi pålegg ingen å gjere dette

Prosjektorganisering



Korleis skal vi jobbe saman?

- Kommuner melder seg som piloter.
- Arbeidet i pilotene vil skje i kommunane, med eigne problemstillingar.
- Prosjektgruppe – for læring og erfaringsutveksling
- Arbeidsgrupper med fleire kommunar med samme problemstillingar.
- Møteplasser – og erfaringsdeling.



Bærekraftig
tilrettelegging for
natur og
aktivitetsbasert
turisme



Bærekraftig
utvikling av by-,
bygd- og
sentrumskjerne



Auke positive – og
reduere negative
effektar av turisme
for lokalsamfunn
og næringsliv

Kobling til andre prosjekt

- «Styrka samarbeid for berekraftig utvikling, tilpassa kommunen sine behov »
- «Villreinen og mennesket»
- Merket for bærekraftige destinasjoner
- Nasjonalparkar- og parkområder
- Nasjonale turiststiar



Beinstrekk og kort pause.

Gå til **nettsida menti.com** på telefon eller pc:

www.menti.com

Kode: 8758 9442



Dialog Innspel




Kva er dei viktigaste utfordringane du ser i forhold til besøksforvaltning?



Vegen vidare

- Kommunane melder interesse for deltaking til Britt innan **16. februar**
- Dialog med dei kommunane som melder interesse
- Samarbeidsavtale
- Oppstartsmøte i prosjektgruppa mellom **12.-14. mars** på teams
- Samling i prosjektgruppa i **mai**, fysisk møte over 2 dagar
- Kvartalsvis opne kompetansefora for alle





Vestland fylkeskommune

Britt Dalland, britt.dalland@vlfk.no